

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: Sakprosa og retorikk - Kjenna att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer - Les sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektera over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane - Bruka kjelder på ein kritisk måte, markera sitat og visa til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar
Engelsk	The English Speaking World: reading, writing and speaking about South Africa and how English is a global language
Matematikk	- Teikna grafen til ein andregradsfunksjon med avgrensing ved hjelp av grafteiknar, og bruka grafen til å finna informasjon - Finna ekstremalpunkt til ein andregradsfunksjon - Bruka stigningstal i samband med gjennomsnittsfart eller veksthastighet
Samfunnsfag	Tema: Den kalde krigen - Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av den kalde krigen - Kunna trekkja historiske liner fram til i dag - Forklara ulike måtar for å fordele makt og styre eit samfunn - Kunna vurdera den kalde krigen ut frå ulike perspektiv - Forklara kva teknologi har å seia for enkeltmennesket og samfunnet
KRLE	Tema: Spor av religion - Utforska og presentera korleis element frå kristendom og andre religionar og livssyn kjem til uttrykk i medium og populærkultur - Gjera greie for og reflektera over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn
Naturfag	- Beskriva immunforsvaret og forklara funksjonen til nokon sentrale celler. - Gjera greie for kva ei vaksine er og forklara korleis den fungerer
Kunst og håndverk	Oppgåve: Kjøkkenreiskap - Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar. - Behandla og samanføya ulike materiale. - Bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte. - Vurdera haldbarheita til materialet. - Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat. Oppgåve: Geriljabroderi - Brodera nøyaktig etter mønster og ha ei ryddig bakside på arbeidet. - Planlegga arbeidsmengde og sørge for at du klarer å gjere det praktiske arbeidet ferdig i skuletida, i dei åtte vekene me skal jobbe med oppgåva. - Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om.
Tysk	- Lære om tyske eventyr - Kunna bruka tysk munnleg og skriftleg - Kunna snakka/skriva om fortida si - Repetisjon av kasus og verbtider - Kunna byggje setningar med fleire ledd
Eng fordj	- Les ut innhald av skjønnlitterær tekst, og bruka dette til å tolka teksten - Samtala om yrkesval
Musikk	Kunna ulike skotske folkedansar

Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og håstrikk til alle kjøkkenøkter
Friluftsliv	• Planlegga og gjennomføra vinterovernattingstur
Design	• Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljømedviten måte.

INFORMASJON TIL HEIMEN
Studentar Frå veke 6 til og med veke 8 vil det vere studentar frå UiS på trinnet. Vi håpar alle elevane tek dei godt i mot. Besøk av Jæren sparebank I løpet av veke 6 skal elevane ha eit kurs med Jæren sparebank om personleg økonomi. Vurderingar Merk dykk at elevane har heildags skriveøkt i norsk sidemål i veke 5 og i engelsk i veke 6. Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
Veke 5	Heildag skiving norsk: måndag veke 5
Veke 6	Heildag skiving engelsk: onsdag veke 6

HEIMEARBEID VEKE 5	
Norsk	Les «kurs 5.3: Tekstar som informerer» i <i>Kontekst 8-10</i> side 204-211 og kort sagt-oppsumminga av same kurs på side 406. Svar på spørsmåla på OneNote: 1. Kva er informerande tekstar? 2. Gje minst fire eksempel på ulike informerande tekstar (bruk eksempeltekstane i kurset).
Engelsk	Watch this video about Nelson Mandela: Nelson Mandela, Anti-Apartheid Activist and World Leader Biography

Matematikk	Brøkfunksjonar Oppgåveboka s. 72,73 og 74, oppg. 2.126, 2.127, 2.128, 2.129 og 2.130. Løys oppgåvene på «GeoGebra». Ta skjermbilete og lim inn på ON, heimearbeid veke 5
Samfunnsfag	Les artiklane «Aust mot vest» og «Frå samarbeid til konflikt» på aunivers (dei står og i <i>Arena 10</i> side 100-103). Svar utfyllande på spørsmåla på OneNote. 1. Kva ligg i omgrepet kald krig? 2. Kva for ideologiske skilnader hadde USA og Sovjetunionen?
Naturfag	Immunforsvaret Les s. 121-127 i Solaris 10 (Immunforsvaret), eller høyr på lydfilene som ligg på OneNote i innhaldsbiblioteket. Gjer oppgåvene “Kva las du no?”, s. 127 Lær deg omgrepa: B-celle, Betennelse, Etecelle, Immunforsvaret, Infeksjon, T-celle
Tysk	Eventyr + grammatikk, sjå ON - heimearbeid
Musikk	Det er stor skilnad på at klassen klarer å få ein folkedans til å fungera, og det at den enkelte dansar nøyaktig og rett. Ta imot instruksjonane du får i timane, slik at presisjonen i dansinga di kan aukast.
Kantine	Produksjon
Friluftsliv	Møt i klasserommet-planlegga overnattingstur i veke 6 (5.februar-6.februar)

HEIMEARBEID VEKE 6	
Norsk	Les «kurs 5.4: Argumenterende tekstar» i <i>Kontekst 8-10</i> side 214-223 og kort sagt-oppsumminga av same kurs på side 407. Svar på spørsmåla på OneNote: 1. Kva er argumenterende tekstar? 2. Forklar orda diskusjon, drøfting, argument og motargument. 3. Sjå på side 218 og skriv ned kva for argumentstypar som blir nemnte der. 4. Kva er AIDA-modellen?
Engelsk	Watch this video with Trevor Noah: Trevor Chats with His Grandma About Apartheid and Tours Her Home, “MTV Cribs”-Style The Daily Show Explain what the video was about to someone.
Matematikk	Andregradsfunksjonar Oppgåveboka s. 76, 77 og 78, oppg. 2.132, 2.133, 2.134 og 2.135 Løys oppgåvene på «GeoGebra», ta skjermbilete og lim inn på ON, heimearbeid veke 6
Samfunnsfag	Les artikkelen "Europa blir delt" på aunivers (eller bruk <i>Arena 10</i> side 104-106). Skriv eit samandrag av artikkelen, pass på å få med kva som ligg i omgrepa <i>Marshallplanen</i> , <i>NATO</i> , <i>Warszawapakta</i> og <i>Berlinmuren</i> .
Naturfag	Immunforsvaret

	Gjer oppgåve 16 s. 136 i Solaris 10 (Immunforsvaret). Lever oppgåva på OneNote under Skulearbeid.
Tysk	Du skal vera klar til å presentera eventyret ditt (på torsdag) og bruka teikningar du har laga. For meir informasjon sjå ON-heimearbeid.
Musikk	Det er stor skilnad på at klassen klarer å få ein folkedans til å fungera, og det at den enkelte dansar nøyaktig og rett. Ta imot instruksjonane du får i timane, slik at presisjonen i dansinga di kan aukast.
Kantine	Produksjon
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Siste sjekk + utdeling av utstyr før tur på torsdag-fredag.